

Ref : Radøy Skyttarlag DHPXIW, Radøy Sportsskyttarlag IIBEMQ

Radøy kommune,

5936 Manger.

Manger den 13/10 2016

Vedlegg til søknad om driftsmidler til lag og organisasjonar.

Vedlagt årsmelding for Radøy Skyttarlag og Radøy Sportsskyttarlag for 2015, samt rekneskapsamandrag for laga for 2015.

MVH

Radøy Skyttarlag/Radøy Sportsskyttarlag



Kornelius Manger

-form-

Ref: D H P X 1 W

ÅRSMELDING 2015

FOR

RADØY SKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 11 januar 2015 i Radøyhallen.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Kornelius Manger	Formann	(På val)
Andrè Michelsen	Nestformann	
Arnfinn Halland	Kasserar	(På val)
Martin Soltveit	Materialforvaltar	
Magne Arild Rath	Styremedlem	(P val)
Harry Helland	1 varamedlem	(På val)
Jan Kjetil Vikøren	2 varamedlem	(På val)

Styret har hatt 8 møte og handsama 30 bokførde saker.

Aktiviteten i laget har også i år vore prega av at laget slit med banetilhøva ute. Etter at me tok til å bruka bana i Stokkedalen har aktiviteten auka monaleg. Spesielt har talet på jegrar auka mykje. I Radøyhallen varierer aktiviteten. Når fotballeksonen nærmar seg er det færre som møter opp til skyting. Blant seniorane er aktiviteten laber innandørs.

Laget har arrangert fleire premieskytingar for dei yngste med varierende tal deltakarar. Laget har og arrangert to karusellstemner i Høyland Auto cup, med over 50 deltakarar på kvart stemne. I år arrangerte me lagsmeisterskap for seniorane på den nye bana i Stokkedalen. Martin Soltveit vart lagsmeister med Harry Helland som nr. 2.

Talet på storviltjegrar auka i år. Det skuldast heilt sikkert at me kunne ta i bruk 100 m riflebane i Stokkedalen. Dette må me seia oss svært nøgde med. Me vonar endå fleire vil nytta anlegget i året som kjem.

I meldingsåret har me fått til mykje kva angår skyteanlegget i Stokkedalen. Det er lagt ned svært mange dugnadstimar, både med administrative saker og ikkje minst for å få deler av anlegget i ein slik stand at det kunne takast i bruk.

Resultatet er at anlegget har fått idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning. Det er sendt søknad om spelemidler for 100 m riflebane. Det er sendt søknad om økonomisk stønad frå Radøy kommune. Me søkte og om å få tildelt midlar frå viltfondet i kommunen. Det fekk me, og for dei midlane vart det kjøpt inn 5 elektroniske skiver til 100 m. Det vart og søkt om politiet si godkjenning av bana. Denne har me og fått. Instruksen for bana generelt er godkjent saman med instruks for 100 m riflebane og haglebana.

Vegen inn til anlegget er godkjent og parkeringsplass og 100 m standplass er midlertidig godkjent og i bruk frå august 2015. Det er og bygd veg fram til 100 grav og 5 elektroniske skiver er montert og tekne i bruk.

Laget har fått nokre brakker som er sett opp som standplass og opphaldsrom og toalett.

Det er ikkje til å leggja skjul på at det har vore vanskelegå få godkjenning av anlegget. Etter mange møte, skriv til kommunen kontakt med politikarar og litt lobbyverksemd lukkast me til slutt.

Også i 2015 har arbeidet med den nye bana teke mykje tid. Som nemd tidlegare har me kome godt i gang med anlegget, men svært mykje arbeid står att. Nordhordland Jakt og Fiskelag har signert avtalen med skyttarlaget og er med vidare. Nordhordland Pistolklubb har ikkje svart på brevet frå laget der me ba om svar på om laget skal vera med vidare.

Laget har i skrivande stund ikkje fått resten av tilskotet til kjøp av grunn frå DFS. Dette skuldast at DFS ikkje prioriterte å betala ut alt dette i år. Laget fekk ein del av resttilskotet i år, men noko manglar. Me vonar pengane kjem i 2016.

I året som kjem må ein prøva å få inn sponsormidler til anlegget. Aktuelle firma må tilskrivast. Skal ein koma vidare må ein lukkast med å få inn midlar utanfrå.

Vidare kan me setja i gang arbeidet med å ferdigstila 100 m riflebane.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som gjekk, og ønskja lukke til å det nye året.

Manger den 28 desember 2015.

For styret i Radøy Skyttarlag



Kornelius Manger

Form.

Ref: DHPX14

RADØY SKYTTARLAG

Rekneskapsoversikt for 2015, rekneskap avslutta 31. desember 2015:

TVK:

Inn til laget vedk. ny skytebane		384.174	
Medlemskontingent		22.515	
Tilskot frå ulike hald		27.471	
Leigeinntekter		2.150	
Renteinntekter		1.444	
Ammunisjons-sal		734	
Avd. Radøyhallen, husleige 2014	30.000		
Avd. Radøyhallen, husleige 2015	30.000		
Avd. Radøyhallen, drift		54.500	
Renteutgifter	1.006		
Premiar	1.660		
Andre lagsdriftsutgifter	10.661		
Overskot, lagt til egenkap.	419.661		
		<hr/>	
	492.988		492.988

BALANSE:

Kasse		1	
Bank	139.892		
Tilgodehavande	1.875		
Ammunisjonsbeholdning	4.150		
Invest. ny skytebane	1.095.329		
Skytebane, Solend	38.787		
Skytebanehus, Solend	5.377		
Inventar	41.358		
Gjeld		26.616	
Eigenkapital		1.300.153	
		<hr/>	
	1.326.769		1.326.769

Halland, 4.jan. 2016
Arnfinn Halland (s)
kasserer

Revidert 10.jan.2016
Martin Soltveit (s)
Harry Helland (s)

Ref. 11 BEMQ

ÅRSMELDING 2015

FOR

RADØY SPORTSSKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 11 januar 2015.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Kornelius Manger	Formann	(På val)
Andrè Michelsen	Nestformann	
Arnfinn Halland	Kasserar	
Martin Soltveit	Materialforvaltar	
Magne Arild Rath	Styremedlem	
Harry Helland	1 Varamedlem	(På val)
Jan Kjetil Vikøren	2 Varamedlem	(På val)

Styret har hatt 2 møte og handsama 4 bokførde saker.

Aktiviteten i meldingsåret har vore bra. Mange ungdommar er med på skytingane inne i Radøyhallen. Talet varierer og når fotballeseongen kjem er det mange som fell frå.

Blant seniorane er aktiviteten låber. Dette skuldast sikkert banetilhøva ute. Laget vedok på årsmøte 2013 å godta samarbeidsavtalen med Radøy Skyttarlag. Denne avtalen gjer at laget vert med vidare når det skal byggjast nytt skyteanlegg. Problemet er at laget har lite pengar, slik at det sportsskyttarlaget kan bidra med ei dugnadsarbeid. Arbeidet med Stokkedalen Skyteanlegg har kome godt i gang. Anlegget har fått idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning. Spelemiddelsøknaden for 100 m riflebane er sendt. Det er utført svært mykje dugnad for å koma så langt. Likevel er dette berre starten. Arbeidet med å skaffa sponsormidlar må prioriterast i året som kjem. Får ein ikkje inn midlar utanfrå stoppar arbeidet opp.

Samarbeiet med Radøy Skyttarlag er godt. Laget er heilt avhengig av å få leige våpen og bane av skyttarlaget. Laget har ikkje økonomi til å kjøpa eigne våpen, og få av dei unge har våpen sjølve.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som har gått og ønskja lukke til i 2015.

Manger den 28 desember 2015.

For styret i Radøy Sportsskyttarlag


Kornelius Manger

Form.

Ref: 11 BEMQ

5 RADØY SPORTSSKYTTARLAG

Rekneskapsversikt for 2015, rekneskap avslutta 31.12.2015:

TVK:		
Medlemskontingent		785
Tilskot frå ulike hald		44.242
Renteinntekter		6
Lagsdriftsutgifter	25.003	
Obligatoriske kontingentar	4.000	
Overskot lagt til eigenkap.	16.030	
	<hr/>	
	45.033	45.033
BALANSE:		
Bank	20.865	
Eigenkapital		20865
	<hr/>	
	20.065	20.865

Halland, 4.jan.2016
Arnfinn Halland (s)
kasserar

Revidert 11. januar 2016
Martin Soltveit (s)
Harry Helland (s)